


Sprog i Norden

Titel: Nordisk språksamarbeid 1972-73
Forfatter: Arnulv Sudmann
Kilde: Sprog i Norden, 1973, s. 15-18
URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>



© Dansk Sprognævn

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre numre af Sprog i Norden (1970-2004) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Nordisk språksamarbeid 1972—73

Av Arnulv Sudmann

Dei nordiske språknemndene, i første rekkje den danske, norske og svenske, har som vanleg utveksla møtereferat og meldingar om rådgjevingsarbeidet. I mange høve har nemndene rådført seg med kvarandre før dei har svara på spørsmål.

Sekretærene i språknemndene møttest i Helsingfors 21.—22. april 1972 og drøfta fellesnordiske tiltak og saklista for det 19. nordiske språknemndmøtet.

Komiteen for utvida nordisk språksamarbeid har bl.a. drøfta spørsmålet om samarbeid med det nordiske kultursekretariatet (jamfør Språk i Norden 1972, s. 20 f.). Komiteen hadde eit møte i København 29. april 1972.

Det 19. nordiske språknemndmøtet

vart halde i Bergen 6.—8. oktober 1972.

Frå *Danmark* møtte Jørgen Gersing, Arne Hamburger, Poul Lindegård Hjorth, Lennart Holten, Jørgen O. Jørgensen, Alan Karker, frå *Finland* Terho Itkonen, Matti Sadeniemi, Eva Stenius, Carl-Eric Thors, frå *Island* Bjarni Vilhjálmsson, frå *Noreg* Trygve Bull, Gorgus Coward, Reidar Djupedal, Eyvind Fjeld Halvorsen, Kolbjørn Heggstad, Alf Hellevik, Alfred Jakobsen, Leif Mæhle, Egil Pettersen, Magne Rommetveit, Arnulv Sudmann, Arnold Thoresen, Finn-Erik Vinje, frå *Sverige* Gösta Bergman, Karl-Hampus Dahlstedt, Rolf Hillman, Sven B. F. Jansson, Valter Jansson, Ture Johannisson, Bertil Molde, Carl Ivar Stähle.

På saklista stod bl.a. desse emna:

1. Fellesnordiske språkprosjekt

Bertil Molde gav ei orientering om fellesprosjekt som språk-

nemndene har i arbeid: nyordsundersøkinga, lista over familienamn, nordisk politisk ordbok. Han gjorde framlegg om å lage ei ny, ajourført liste over namn på statar og innbyggjarnamn, sidan den som er trykt i Nordiske språkspørsmål 1959—60, er forelda på mange punkt. Det vart vedteke å arbeide ut ei slik liste og få med dei islandske og færøyske namneformene, som ikkje var med i lista frå 1959—60.

Lindegård Hjorth gjorde greie for arbeidet med den samnordiske og særskilte ordboka. Han ottast at det ville bli eit både tidkrevjande og kostbart prosjekt, og ein måtte stille spørsmålet om det ikkje ville vere meir nyttig å investere i tospråklege ordbøker. Han gjorde derfor framlegg om å leggje ned prosjektet, og dette vart vedteke.

Sidan Molde hadde fungert som hovudredaktør for dei tre første årgangane av *Språk i Norden*, bad han om å bli fritaken for vervet, og det vart vedteke at Hamburger skulle overta som hovudredaktør.

2. Samarbeidet med det nordiske kultursekretariatet

Lindegård Hjorth gjorde greie for eit møte som representantar for Dansk Sprognævn hadde hatt med seksjonssjef Ivar Eske-land i Sekretariatet for nordisk kulturelt samarbeid. På dette møtet hadde ein bl.a. drøfta spørsmålet om økonomisk stønad frå Kultursekretariatet til nordiske samarbeidsprosjekt på det språklege området. Representantane for Dansk Sprognævn hadde fått inntrykk av at det var von om å få slik stønad. Språknemndmøtet vedtok at ein snarast skulle ta opp spørsmålet om kva for konkrete tiltak ein skulle søkje om stønad til.

3. Orientering om planane for ei omorganisering av dei finlandske språknemndene

Sadeniemi og Thors gjorde greie for desse planane, som dersom dei vart gjennomførte, ville gje dei finlandske språknemndene monaleg betre arbeidsvilkår.

4. Orientering om overgangen Norsk språknemnd — Norsk språkråd

Coward gjorde greie for bakgrunnen for at Norsk språk-

nemnd vart avløyst av Norsk språkråd, og for dei viktigaste skilnadene mellom dei to institusjonane. Foredraget er trykt på annan stad i dette skriftet.

5. Språknemndene og lovspråket/administrasjonspråket

Karker, Molde og Hellevik innleidde, og det vart ein omfattande diskusjon om emnet. Både i innleiingane og i ordskiftet vart det peika på kor viktig det er med god kommunikasjon mellom styremaktene og ålmenta, men ein kom også inn på vanskaner med å fornye og forenkle ein innarbeidd og tradisjonell språkbruk.

Møtet vedtok denne resolusjonen:

Vid universitet och fackhögskolor bör, där så är möjligt, de studerande beredas tillfälle att få teoretisk och framför allt praktisk undervisning i modersmålet. Denna undervisning bör ta sikte dels på allmänna kommunikations- och informationsbehov, dels på speciella problem inom de studerandes fackområden.

Det vart også vedteke å undersøkje om det kunne la seg gjere å arrangere ein konferanse mellom språkmenn og representantar for styremaktene for å drøfte korleis ei slik undervisning skulle organiserast og passast inn i studieplanane. Den svenske nemnda fekk i oppdrag å planleggje og førebu ein slik konferanse.

6. Orientering om forskningskonferansen i Göteborg i september 1972

Finn-Erik Vinje gjorde greie for denne konferansen, der det møtte representantar for nordisk språkforskning ved universiteta og andre institusjonar i Norden. Formålet med konferansen var å få oversikt over forskningsarbeid som er i gang, å samordne ulike forskningsprosjekt og å planleggje arbeidet vidare framover.

7. Teiknsetjingsspørsmål

Finn-Erik Vinje tok opp ein del spørsmål i samband med ulike reglar for teiknsetjing i dei nordiske landa, bl.a. den ulike forma hermeteikna har i dansk, norsk og svensk typo-

grafi, og reglane for rekkjefølgja av hermeteikn og andre teikn. Vinje gjorde framlegg om at ein komite skulle ta opp desse spørsmåla med sikte på å få bort unødvendige skilnader.

Liknande spørsmål har vore drøfta på nordiske språknemndmøte før, men ein har vike tilbake for dei praktiske vanskane med å endre på fast innarbeidde tradisjonar. Møtet vedtok at ein iallfall førebels ikkje skulle ta opp spørsmåla på nordisk basis, men at kvar nemnd skulle halde dei andre nemndene orienterte om tiltak på området.

Vidare orienterte *Alfred Jakobsen* om nyare norsk litteratur av interesse for språknemndene, og *Kolbjørn Heggstad* om Prosjekt for datamaskinell språkbehandling ved Universitetet i Bergen og om samarbeidet med Norsk språknemnd og Norsk språkråd.

Møtet drøfta også innhaldet i *Språk i Norden 1973*.

Det vart vedteke å halde det 20. nordiske språknemndmøtet i Sverige i oktober 1973 og neste sekretærmøte i Noreg våren 1973.